



Sonja Halldis Fønnes
Mjåtveitflaten 34
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2170 - 23/20308

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
13.03.2023

Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 323/258 Frekhaug

Etter innkomne krav om endring av bygningstype i matrikkelen dat 07.03.23. har kommunen utført **endring av bustadhus frå bygningstype 112 -einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til bygningstype 111- einebustad.**

Du opplyser at eigar bruker heile huset og at du ikkje har hatt leigebuar dei siste 10-12 års.

Samanslåing av brukseiningar er eit søknadspliktig tiltak, dersom kommunen finn at bygget er omsøkt og godkjent med fleire brukseiningar tidlegare. Ditt bustadhus er omsøkt og godkjent som einebustad i 1979 og det er ingenting i kommunen sine arkiv som seier at det er etablert hybel/ sokkelleilighet her. Det er heller ingenting i den registrerte historikken på bygget som kan sei noko om når/ kvifor bygningstypen er registrert som 112.

Byggeteikningar viser eit areal i underetasjen som disponibelt areal, og det er grunn til å tru at det har vorte etablert ei utleigeeining i dette areale, utan at dette har vore omsøkt. Då det ikkje finnast noko sak på dette, er det då også grunn til å tru at bygningstypen har vorte endra til 112 pga informasjon/kjennskap til at det har vore etablert hybel/ leilighet her.

Kommunen har no sletta brukseininga og tilhøyrande adresse til bueining i underetasjen. (Det var same husnummer på begge, så det vert ikkje endring her)

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sonja Halldis Fønnes

Mjåtveitflaten 34

5918

Frøkhaug